

BKK AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Dato	24.05.2024
Vår referanse	2024/23116-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Birgit Tansøy
E-post	Birgit.Tansoy@vlfk.no
Telefon	90984022

Ber om avklaring etter kulturminnelova - flytte eksisterande 66 kV kabelanlegg - Kyrkjevegen - Angedalsvegen - Sunnfjord kommune

Vi viser til dykkar brev av 10.04.2024.

Saka gjeld spørsmål om avklaringar knytt til automatisk freda kulturminne og eventuelle krav om § 9 undersøkingar i samband med søknad om anleggskonsesjon for 66 kV kabelanlegg. Kabelen som ligg i og ved Kyrkjevegen og Angedalsvegen i Førde, er tenkt flytta i nyt trasè. Årsaka til flyttinga er tiltak knytt til «Førde-pakken». Kablane blir liggande i offentlig veggrunn, men i hovudsak innafor areal som i reguleringsplanen er utlagt til vegføremål. I samband med kryssing av elva, vil kablane bli lagt i ei retningsstyrt borehol under elva. Det er lagt ved kart som viser kvar den nye kabelen er tenkt lagt.

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde. Vi har ikkje avgjerande merknader til tiltaket når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området der kabelen er tenkt flytta. Men sidan kabelen skal leggst heilt inntil vegskulderen, der det har skjedd fleire tiltak frå før, meiner vi potensialet for å finne automatisk freda kulturminne er liten. Vi ber likevel tiltakshavar om å vere merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur og Folkehelse, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Fylkeskommunen kjem ikkje til å stille vilkår om § 9 undersøkingar i samband med tiltaket.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Birgit Tansøy
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

